



VOLDA SYMJEKLUBB

Årsmelding 2025

Innhald

Styret si innleiing	3
Organisering og styre	3
Styret	3
Trenarar og instruktørar	4
Administrasjon	4
Medlemstal og aktivitetar	6
Medlemstal	6
Symjeopplæring	6
Treningsgrupper	7
Rekrutt	7
K2	7
Para	7
Treningsleir	8
Barnehagesymjing	9
Tilbod for vaksne	9
Arrangement og stemner	10
Frivillig innsats og dugnad	11
Kurs og kompetanseheving	12
Aquagym	12
Aquayoga	12
Babysymjing	12
Småbarnsymjing	12
Grunnleggande symjeopplæring	12
Vidaregåande symjeopplæring (symjeartar)	12
Livredding og tryggleik	13
Dommarkurs	13
Trenar- og leiarkonferanse	13
Økonomi	14
Samarbeid og Sponsorar	15
Sponsor	15
Samarbeid	15
Avslutning og vidare utvikling	17

Styret si innleiing

2025 har vore eit historisk år for symjeaktiviteten i Volda. Det som starta som ei lita gruppe med 17 medlemmar ved årsskiftet 2024/2025, har på eitt år utvikla seg til ein sterk og livskraftig klubb med heile 560 medlemmar ved utgangen av 2025. Den sterke veksten viser både ei stor interesse for symjeidretten i lokalsamfunnet og eit tydeleg behov for god og tilgjengeleg symjeopplæring.

På tampen av året tok symjegruppa eit viktig steg ved å gå ut av fleiridrettslaget VTI-Allidrett og etablere eit eige idrettslag. Den nye klubben har fått namnet Volda Symjeklubb. Etableringa markerer starten på eit nytt kapittel og gir klubben betre føresetnader for å utvikle symjeaktiviteten vidare.

Året har vore hektisk. Med sterk medlemsvekst og reoppbygging av organisasjonen etter fleire år utan symjehall sidan 2019, har mykje arbeid måtte gjerast på kort tid. Struktur, rutinar, aktivitetstilbod og arrangement har blitt bygde opp parallelt med den daglege drifta. Trass i avgrensa ressursar har styret og frivillige vist ein imponerende innsatsvilje og gjennomføringsevne.

Styret er spesielt stolte over at klubben i 2025 klarte å arrangere to eigne symjestemne – Vårlauget og Julelauget. Gjennomføringa av desse arrangementa viser kva som er mogleg når frivillige, trenarar og styre arbeider saman mot eit felles mål.

Styret ønskjer å rette ei stor og oppriktig takk til alle frivillige, trenarar og samarbeidspartnarar som har bidrege gjennom året. Ein særleg takk går til vår hovudsponsor, som har gjort det mogleg for klubben å satse og bygge aktivitet slik vi har gjort i 2025. Utan denne støtta ville ikkje utviklinga vore mogleg.

2025 har lagt eit solid fundament for vidare vekst og utvikling. Volda Symjeklubb står no sterkare enn på mange år, og styret ser fram til å vidareutvikle eit breitt og inkluderande tilbod innan symjeopplæring og symjeidrett i åra som kjem.

Organisering og styre

Styret

Volda Symjeklubb er organisert med styret som øvste leiing av klubben. Styret har det overordna ansvaret for strategi, utvikling og økonomi, samt for den overordna styringa av klubben si verksemd.

I 2025 var symjeaktiviteten organisert som ei gruppe under fleiridrettslaget VTI-Allidrett. Symjegruppa hadde eit eige gruppestyre fram til skipingsdatoen for den nye klubben. Under skipingsmøtet vart det vedteke at samansetninga i gruppestyret skulle halde fram som styret i den nyskipa klubben Volda Symjeklubb.

I mars 2026 held Volda Symjeklubb sitt aller første ordinære årsmøte.

Styret har i løpet av 2025 halde [tal] styremøte. I tillegg har det vore jamleg dialog mellom styret og dagleg leiar knytt til drift, aktivitet og utvikling av klubben. Gjennom året har styret arbeidd aktivt med vidare utvikling av klubben, oppbygging av organisasjonen og tilrettelegging for eit breitt aktivitetstilbod.

Volda Symjeklubb har per i dag ein fast tilsett som dagleg leiar i klubben og ca 2,5 årsverk med trenarar og instruktørar på timebaserte arbeidskontraktar.

Rolle	Namn
Styreleiar	Arne Straume
Nestleiar	Tor Mikalsen
Styremedlem	Runa Bakke
Styremedlem	Janette Kobbevik Mikalsen
Styremedlem/sportsleg ansvarleg	Jørund Fet
Varamedlem	Anne Britt Hallaråker

Trenarar og instruktørar

Den sportslege og praktiske gjennomføringa av aktivitetstilbodet vert utført av trenarar og instruktørar som er knytte til klubben gjennom timebaserte avtalar. Desse har hatt ansvar for gjennomføring av treningar, symjekurs og andre aktivitetar gjennom året.

Rolle / funksjon	Namn
Hovudtrenar	Jørund Fet
Symjeskuleansvarleg	Jan Erik Hestholm
Hovudinstruktørar symjeopplæring	Maria Todorova
Hovudinstruktørar symjeopplæring	Janne Hestholm

Administrasjon

Den daglege drifta av klubben vert leia av dagleg leiar. Arbeidet omfattar mellom anna administrasjon, medlemsoppfølging, planlegging og koordinering av aktivitetar, samt økonomioppfølging og kontakt med samarbeidspartnarar.

Dagleg leiar har også hatt ei sentral rolle i organisering av kurs, arrangement og symjestemne, samt i utviklinga av klubben sitt aktivitetstilbod.

Rolle

Dagleg leiar

Jan Erik Hestholm

Medlemstal og aktivitetar

Medlemstal

Volda Symjeklubb har hatt ein svært sterk vekst i medlemstal gjennom 2025. Ved starten av året hadde klubben 17 medlemmar. Ved utgangen av året hadde medlemstalet auka til heile 560 medlemmar. Den sterke auka i medlemstal har i hovudsak kome som følge av kursaktiviteten til symjegruppa.

Den store veksten viser både ei aukande interesse for symjeidretten og eit stort behov for symjeopplæring i lokalsamfunnet. Aktiviteten i klubben har difor auka betydeleg gjennom året, og det har vore arbeidd målretta med å utvikle eit breitt aktivitetstilbod for barn, ungdom og vaksne.

År	Medlemstal
2024	17
2025	560

Symjeopplæring

Symjeopplæringa er ein sentral del av aktivitetstilbodet i klubben og har hatt stor aktivitet gjennom heile året. Klubben har hatt løpande symjekurs, med unntak av skuleferiane, i tillegg til intensivkurs i vinterferien 2025.

Opplæringa tek utgangspunkt i metodikken til Norges Svømmeforbund og er bygd opp etter fleire nivå som skal sikre ei trygg og progresjonsbasert utvikling av symjeferdigheiter. Kursnivåa omfattar vasstilvenning, Kval (dykke), Skilpadde (flyte), Pingvin (gli), Selunge(grovkorna crawl symjing) og Sel (teknisk crawl symjing). I løpet av året vart det også starta opp ei gruppe på nivået Sjøløve, etter etterspurnad frå deltakarar.

Til ei kvar tid deltek det om lag 140–170 barn i alderen 2–14 år på symjeopplæring i klubben. For å gjennomføre aktivitetane har klubben hatt om lag 25 instruktørar knytte til symjeopplæringa gjennom året.

I forkant av sommarferien og før jul vart det arrangert semesteravsluttingar for deltakarane i symjeopplæringa. Her fekk barna utdelt diplom og symjemerke som markering på progresjonen gjennom kurset. I samband med avsluttingane vart også føresette og vener inviterte til bading i symjehallen, noko som bidrog til ei sosial og inkluderande avslutting på kursperiodane.

Symjeopplæringa er også ein viktig rekrutteringsarena for vidare aktivitet i klubben. Målet er at deltakarar som ønskjer å utvikle seg vidare i symjeidretten skal få eit naturleg steg vidare inn i rekruttgruppa og etter kvart vidare til trenings- og konkurransegrupper.

Gjennom dette arbeidet ønskjer klubben å legge til rette for eit heilskapleg utviklingsløp for symjarar – frå dei første erfaringane i vatn, via symjeopplæring og rekruttaktivitet, til vidare deltaking i symjeidretten.

Treningsgrupper

Rekrutt

Rekruttgruppa består av utøvarar som har utvikla seg vidare frå symjeopplæringa og er på veg inn i symjeidretten. Gruppa er eit viktig steg mellom symjeopplæring og vidare satsing i trenings- og konkurransegrupper.

Gjennom året har det vore arbeidd med å bygge opp rekruttgruppa igjen etter fleire år utan symjehall i Volda sidan 2019. På det meste har gruppa bestått av om lag 20 deltakarar. Under Julelauget 2025 var 11 rekruttar påmelde til stemnet, noko som viser ei positiv utvikling i gruppa.

Klubben har hatt fokus på rekruttering til rekruttgruppa, mellom anna frå deltakarar i symjeopplæringa. Samstundes er dette eit område klubben ønskjer å utvikle vidare, og det vil framover vere viktig å arbeide målretta for å få fleire deltakarar frå symjeopplæringa over i rekruttgruppa. Det har også vore rekruttert symjarar utanom symjeopplæringa. Ein del har også kome til gjennom prøvesymjing og ei vurdering av trenarane.

K2

K2-gruppa er neste nivå etter rekruttgruppa og består av utøvarar som deltek i open klasse under symjestykke. Gruppa representerer eit vidare steg i utviklingsløpet for symjarar som ønskjer å utvikle seg vidare innan symjeidretten.

K2-gruppa har i 2025 vore ei mindre gruppe, med om lag 4–5 utøvarar. Dette er naturleg då det tek tid å utvikle utøvarar frå rekruttgruppa og vidare opp til dette nivået.

Utøvarane i K2-gruppa har hatt tilbod om fire treningar i veka. Ei av desse treningane har vore gjennomført i samarbeid med naboklubben Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb (YSSS).

Gjennom året har symjarane vist god utvikling og delteke på fleire symjestykke. I løpet av sesongen har utøvarane oppnådd fleire personlege rekordar, noko som vitnar om god framgang og eit godt treningsarbeid i gruppa.

Para

Volda Symjeklubb har også eit tilbod innan parasymjing. Gruppa har gjennom året bestått av om lag 4–5 utøvarar som har delteke på jamlege treningar. Tilbodet er eit viktig

bidrag til å sikre at også utøvarar med behov for tilrettelegging får høve til å delta i symjeaktivitet i eit trygt og inkluderande miljø.

Klubben har også parautøvarar som deltek i symjeopplæringa, der opplæringa vert tilpassa den enkelte deltakar sine føresetnader. Dette bidreg til at fleire får høve til å utvikle grunnleggjande symjeferdigheiter og delta i symjeaktivitetar.

Gjennom året har paragrupper vist god utvikling. Aktiviteten har vore prega av stor innsats og idrettsglede frå utøvarane.

Ved inngangen til 2026 har gruppa auka til 8 utøvarar, noko som viser at behovet for eit tilrettelagt aktivitetstilbod er stort. Utøvarane i paragrupperinga planlegg også å delta på Landstemnet arrangert av Speed SK i mars 2026, noko som blir ein viktig milepæl for gruppa.

Paragrupper har hatt god støtte frå engasjerte foreldre/frivillige som bidreg aktivt rundt trening og aktivitet. Denne innsatsen har vore viktig for å skape eit inkluderande og trygt miljø, og har bidrege til auka deltaking i gruppa.

Treningsleir

I haustferien 2025 arrangerte Volda Symjeklubb treningsleir for symjarar. Leiren samla utøvarar frå fleire klubbar i regionen, mellom anna Aalesund Svømme- og Livredningsklubb (AaSLK), Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb (YSSS), Sykkylven Symjeklubb og Volda Symjeklubb.

Trenarar frå dei ulike klubbane deltok og bidrog til gjennomføringa av treningsøkter gjennom heile leiren. Treningsleiren gjekk over **tre** dagar og gav utøvarane høve til å gjennomføre fleire gode treningsøktar saman med symjarar frå andre klubbar.

Det sosiale rommet på Voldabadet vart nytta til overnatting under leiren. Foreldre frå klubben stilte opp som nattevakter og bidrog også med tilrettelegging av måltid for både utøvarar og trenarar. Den frivillige innsatsen var avgjerande for å kunne gjennomføre arrangementet.

Dette var den første treningsleiren arrangert av Volda Symjeklubb på mange år. Leiren fekk gode tilbakemeldingar frå deltakarane og bidrog både til sportsleg utvikling og eit godt sosialt miljø på tvers av klubbane. Klubben ønskjer å bygge vidare på erfaringane frå denne samlinga og arbeide vidare med å utvikle treningsleir som ein del av aktivitetstilbodet framover.

I løpet av året har også utøvarar frå Volda Symjeklubb delteke på treningsleir i regi av Eid Symjeklubb.

Barnehagesymjing

I løpet av 2025 har Volda Symjeklubb gjennomført barnehagesymjing for 14 barnehagar med til saman 198 barn. Tilbodet har vore eit viktig bidrag til tidleg tilvenning til vatn og utvikling av grunnleggjande symjeferdigheiter for dei yngste barna.

Klubben har hatt ansvar for organisering av aktiviteten, inkludert planlegging av undervisningstidspunkt for dei ulike barnehagane og koordinering av transport til og frå symjehallen. Under gjennomføringa av barnehagesymjinga har klubben hatt tre instruktørar på arbeid, alle med livreddarkompetanse, for å sikre trygge og gode rammer for aktiviteten.

Barnehagane har gitt svært gode tilbakemeldingar på tilbodet, og mange har uttrykt stor tilfredsheit med både organiseringa og gjennomføringa av undervisninga.

På slutten av 2025 kom det signal frå regjeringa om at den statlege tilskotsordninga for barnehagesymjing vert avvikla. Dette skaper usikkerheit rundt vidare drift av tilbodet i 2026. Nokre barnehagar har uttrykt interesse for å vidareføre tilbodet, og klubben har vore i dialog med kommunen om mogleg finansiering gjennom frie midlar. Kommunen har likevel gitt tilbakemelding om at dei ikkje har økonomisk handlingsrom til å vidareføre ordninga.

Klubben arbeider vidare med å undersøkje om det finst alternative løysingar som kan gjere det mogleg å oppretthalde barnehagesymjinga også i framtida.

Tilbod for vaksne

Volda Symjeklubb har gjennom 2025 hatt fleire aktivitetstilbod retta mot vaksne. Tilboda er viktige både for å skape eit breitt aktivitetstilbod i klubben og for å gi vaksne høve til å vere aktive i vatn gjennom organiserte treningsøktar.

Klubben har hatt tilbod om aquagym, aquayoga, teknikktraining for vaksne, mastergruppe og mosjonsgruppe. Desse aktivitetane har hatt jamleg deltaking gjennom året. I tillegg har vi hatt eit samarbeid med pensjonistforeringa i Volda der vi fungerer som badevakter ein time i veka.

Aquagym og aquayoga har hatt om lag 5–6 faste deltakarar, i tillegg til enkelte deltakarar som har nytta seg av drop-in. Teknikktraining for vaksne har hatt mellom 5 og 7 deltakarar i snitt per økt. I master- og mosjonsgruppene har deltakinga vore større, med om lag 20–25 deltakarar.

Dei fleste vaksentilboda har vore organiserte som ei fast treningsøkt per veke, medan master- og mosjonsgruppa har hatt treningstilbod alle dagar utanom søndag. Aktiviteten har gått kontinuerleg gjennom året.

Vaksentilboda bidreg til eit inkluderande og variert aktivitetstilbod i klubben, og gir vaksne høve til å vere ein del av symjemiljøet i Volda.

Arrangement og stemner

I løpet av 2025 arrangerte Volda Symjeklubb to egne symjestemne: Sparebanken Møre Vårlauget og det tradisjonsrike Julelauget.

Sparebanken Møre Vårlauget vart arrangert i april 2025 og var det første symjestemnet etter at den nye symjehallen stod ferdig. Stemnet vart ein viktig milepæl for klubben og gav høve til å ta i bruk det nye tidtakarutstyret i hallen. I samband med dette valde klubben også å investere i programvara *Sport In The Box*, som gjer det mogleg å vise startlister, resultat og tider på storskjerm for publikum og utøvarar. På Vårlauget deltok om lag 130 påmelde utøvarar.

Seinare på året arrangerte klubben også det tradisjonsrike Julelauget, som samla om lag 200 påmelde utøvarar. Stemnet markerer ei fin avslutning på symjeåret og er eit populært arrangement for mange av deltakarane.

Symjestemna har fått gode tilbakemeldingar frå andre klubbar i regionen. Mellom klubbane som deltok var mellom anna AaSLK, Sykkylven, Svelgen, Førde, Eid, Ytre Søre Sunnmøre Symjeklubb (YSSS), Hamar, Brattvåg, Sandane og Kraken.

Gjennomføringa av stemna krev stor innsats frå trenarar, funksjonærar og frivillige, og arrangementa er viktige møteplassar for symjemiljøet i regionen.

Stemnedeltaking 2025

Dato	Stemne	Talopa klasse	Tal ind . start	Tal pers. rekord	1. prem.	2. prem.	3. prem	Tal rekrutt
1.2	Rosesvøm, Molde	2	16	14	2	4	5	
22.2	Vårduppen, Eid	2	7	0	2	2	3	
14.3	LÅMØ, Ålesund	2	10	8	-	-	-	
28.3	NM Master Trondheim	7	19	12	3	5	1	
26.4	Vårlauget, Volda	3	19	10	4	7	4	13
30.5	Førdesprinten	2	8	6	-	-	-	
18.6	Klubbmeisterskap	24	86	-	-	-	-	-
7.9	Førdestemnet	1	4	2	-	2	-	1
13.9	SBM Svøm, Ålesund	3	16	9	2	7	3	3
27.9	SBM Høststevne, Molde	2	10	6	1	6	1	
1.11	Hauststemne, Eid	6	29	9	10	9	3	
6.12	Julelauget	16	51	30	11	15	10	12
SUM		70	275	106	35	57	30	

Frivillig innsats og dugnad

Drifta av Volda Symjeklubb er i stor grad basert på frivillig innsats. Gjennom året har mange foreldre og andre frivillige bidrege med tid og engasjement for å sikre gjennomføring av aktivitetar, arrangement og stemner.

Også styret i klubben arbeider på frivillig basis og legg ned eit omfattande arbeid gjennom året med planlegging, organisering og utvikling av aktivitetstilbodet i klubben.

Klubben har i tillegg hatt frivillige som har bidrege som symjeinstruktørar for baby-, barne- og vaksentilbod, samt frivillige som har fungert som trenarar i symjeidretten. Den frivillige innsatsen frå instruktørar og trenarar er avgjerande for å kunne tilby eit breitt og variert aktivitetstilbod.

I samband med symjestemna har klubben hatt om lag 15–20 frivillige i arbeid. Desse har hatt ei rekke ulike oppgåver som er nødvendige for å gjennomføre eit stemne på ein trygg og profesjonell måte. Mellom oppgåvene er funksjonar som dommarar og tidtakarar, som har ansvar for korrekt registrering av tider og gjennomføring av øvingane, samt stemneleiar, som koordinerer og har det overordna ansvaret for gjennomføringa av stemnet.

Andre viktige funksjonar har vore speaker, som informerer publikum og utøvarar om øvingar og resultat, samt frivillige som har hatt ansvar for kioskdirft, rydding og praktisk tilrettelegging før, under og etter arrangementa. Desse oppgåvene omfattar mellom anna førebuing av symjehallen, organisering av utstyr, servering til deltakarar og publikum, samt opprydding etter stemna.

Frivillige har også bidrege under semesteravsluttingane for symjeopplæringa, der det har vore behov for hjelp til utdeling av diplom og symjemerke, speakerfunksjon og badevakt for å sikre trygg gjennomføring av arrangementet.

Under treningsleiren i haustferien stilte foreldre opp som nattevakter og bidrog også med tilrettelegging av måltid for utøvarar og trenarar. Denne innsatsen var avgjerande for å kunne gjennomføre treningsleiren.

Den frivillige innsatsen i klubben er svært viktig for å kunne oppretthalde og vidareutvikle aktivitetstilbodet. Styret ønskjer å rette ei stor takk til alle som har bidrege gjennom året.

Kurs og kompetanseheving

Volda Symjeklubb har i løpet av 2025 hatt fokus på kompetanseheving for både tilsette og frivillige. Gjennom deltaking på ulike kurs har klubben arbeidd for å sikre god fagleg kvalitet i aktivitetstilbodet og trygge rammer for deltakarane. Volda symjeklubb har både arrangert kurs sjølve og sendt deltakarar på kurs med andre symjeklubbar.

Aquagym

Tre deltakarar var med på digitalt i aquagym. Fokus var planlegging og gjennomføring av treningsøktar i vatn. Kurset gir kompetanse i tilpassing av øvingar til ulike nivå og målgrupper, samt bruk av vatn som treningsarena for styrke, kondisjon og bevegelegheit.

Aquayoga

Tre deltakarar har også vore gjennomført kurs i aquayoga. Kurset blei halde av Volda Symjeklubb med innleigd instruktør. Kurset gav kunnskap om korleis yogaøvingar kan tilpassast og gjennomførast i vatn. Aquayoga kombinerer element frå yoga, pusteteknikk og avspenning med dei eigenskapane vatnet gir for støtte og motstand.

Babysymjing

Klubben har hatt fem deltakarar på kurs i babysvømming, som gir kompetanse i trygg tilvenning til vatn for dei aller yngste barna. Kurset omfattar mellom anna tryggleik i vatn, motorisk utvikling hos spedbarn og korleis ein kan legge til rette for positive opplevingar i vatn for både barn og føresette. Kurset vart halde av Volda Symjeklubb med innleigd instruktør som baserte kurset på metodikk frå Norges Svømmeforbund.

Småbarnsymjing

Gjennom kurs i småbarnsymjing har instruktørar fått kompetanse i å legge til rette for aktivitet i vatn for barn i førskulealder. Kurset fokuserer på leikbasert læring, vasstilvenning og utvikling av grunnleggande symjeferdigheiter.

Grunnleggande symjeopplæring

Alle instruktørar som jobbar i symjeopplæringa til klubben har gjennomført kurs i grunnleggande symjeopplæring basert på Norges Svømmeforbund sin metodikk. Vi har både arrangert kurs sjølve og sendt deltakarar til andre klubbar når dei har holdt kurs.

Vidaregåande symjeopplæring (symjeartar)

Nokre av instruktørane våre har også delteke på kurs i vidaregåande symjeopplæring, med fokus på innlæring og utvikling av dei ulike symjeartane. Kurset gir instruktørar verktøy til å arbeide vidare med teknikk og utvikling av symjeferdigheiter hos deltakarar som har gjennomført grunnleggande opplæring. Også dette kurset bygger på metodikk frå Norges Svømmeforbund.

Livredding og tryggleik

Dagleg leiar har gjennomført utdanning som instruktør i livredning og badevaktfunksjon. I tillegg har klubben gjennomført livreddingsprøver for å sikre at instruktører og trenarar har nødvendig kompetanse til å ivareta tryggleiken i aktivitetane i symjehallen.

Dommarkurs

Klubben arrangert dommarkurs i symjing. Kurset gir grunnleggande opplæring i regelverket for symjesteemne og i dei ulike rollene ein dommar kan ha under gjennomføring av eit stemne. Det var fem medlemmar frå Volda Symjeklubb som deltok på kurset.

Gjennom dommarkompetanse får klubben eigne funksjonærar som kan bidra til korrekt og profesjonell gjennomføring av symjesteemne, både ved eigne arrangement og ved deltaking på stemne i andre klubbar. Denne kompetansen er også viktig for å kunne arrangere symjesteemne i eigen regi og som eit samarbeid med andre klubbar i regionen.

Trenar- og leiarkonferanse

To trenarar og dagleg leiar frå Volda Symjeklubb deltok i løpet av året på trenar og leiarkonferanse. Konferansen gir fagleg påfyll innan trenararbeid, klubbutvikling og organisering av aktivitet i idrettslag.

Deltakinga på konferansen gav høve til å hente inspirasjon og dele erfaringar med trenarar og leiarar frå andre klubbar. Slik kompetanseheving er viktig for vidare utvikling av aktivitetstilbodet og organiseringa av klubben.

Økonomi

Volda Symjeklubb har i 2025 hatt god aktivitet og stabil drift gjennom året. Økonomien i klubben er i hovudsak basert på inntekter frå kurs og aktivitetstilbod, sponsorinntekter og offentlege tilskot. Desse inntektene har gjort det mogleg å bygge opp aktivitetstilbodet i klubben og utvikle organisasjonen gjennom året.

Klubben hadde i 2025 totalt 2 963 698,06,- i driftsinntekter og 2 907 908,31,- i driftskostnader. I tillegg har klubben hatt finansinntekter på 30 883,- . Ordinært resultat for 2025 er 86 246,84,-

Den største delen av utgiftene i klubben er knytt til lønn og godtgjersle til dagleg leiar, trenarar og instruktørar, som står for gjennomføring av aktivitetstilbodet i klubben. Den totale summen knytt til lønnskostnader i 2025 var 1 904 217,32,- mot 225 919,- i 2024. I tillegg har klubben hatt andre driftskostnader på 988 690,99,- i 2025 mot 349 318,- i 2024

Kurs og kompetanseheving for tilsette og frivillige har også vore ein viktig utgiftspost i 2025. Gjennom året har klubben investert i fagleg utvikling for instruktørar, trenarar og leiarar for å sikre god kvalitet i aktivitetstilbodet og trygge rammer for deltakarane.

Auken i kostnader frå 2024 til 2025 heng saman med sterk aktivitetsvekst i klubben og oppbygging av aktivitetstilbod etter opninga av den nye symjehallen.

Styret vurderer den økonomiske situasjonen i klubben som tilfredsstillande og meiner klubben har eit godt grunnlag for vidare drift og utvikling av aktivitetstilbodet i åra som kjem.

Samarbeid og Sponsorar

Sponsor

Volda Symjeklubb er takksame for støtta frå sponsorar som bidreg til å utvikle aktivitetstilbodet i klubben. Gjennom økonomisk støtte og samarbeid gjer sponsorar det mogleg for klubben å tilby eit breitt aktivitetstilbod og vidareutvikle symjeaktiviteten i Volda. Vi ønska å takke dei lokale bedriftene Brunvoll og Tussa for deira støtte i året 2025.

Klubben ønskjer særleg å rette ei stor takk til Sparebanken Møre som er hovudsponsor for Volda Symjeklubb. Støtta frå Sparebanken Møre har vore viktig i oppbygginga av aktivitetstilbodet i klubben og har bidrege til å styrke symjeaktiviteten i Volda.

Gjennom samarbeidet har klubben blant anna fått støtte til innkjøp av klubbdrakter for utøvarane, bidrege til å styrke drifta av klubben og arrangere gratis badedag for lokalbefolkninga.

Støtta frå Sparebanken Møre har også bidrege til å fremje inkludering og mangfald i klubben. Mellom anna har sponsoren bidrege til å dekke delar av treningsavgifta for rekruttutøvarane, noko som har gjort det lettare for fleire barn og ungdom å delta i symjeidretten.

Styret set stor pris på samarbeidet med Sparebanken Møre og den støtta dei gir til utvikling av symjeaktiviteten i Volda.

Samarbeid

Volda Symjeklubb har gjennom året hatt samarbeid med fleire aktørar som bidreg til å styrke symjemiljøet i regionen og utvikle aktivitetstilbodet i klubben.

Klubben har hatt godt samarbeid med fleire symjeklubbar i regionen. Samarbeidet omfattar mellom anna treningsleir, deltaking på symjestemne, bidrag med dommarressursar og fagleg samarbeid mellom trenarar, instruktørar og administrativt tilsette.

Gjennom året har klubben også samarbeidd med barnehagar i Volda kommune i form av barnehagesymjing. Dette tilbodet har gitt mange barn tidleg erfaring med aktivitet i vatn og utvikling av grunnleggande vasstilvenning. I forbindelse med barnehagesymjing har klubben også hatt eit samarbeid med det lokale buss selskapet for transport til og frå symjehallen. Vidare har klubben også eit nært samarbeid med læringssenteret i Volda kommune for å kunne tilby symjeopplæring til nyankomne.

I tillegg har klubben eit samarbeid med pensjonistforeininga i Volda, der klubben bidreg med badevakt i samband med bading i symjehallen.

Samarbeid med andre klubbar og aktørar i lokalsamfunnet er viktig for å utvikle eit inkluderande og aktivt symjemiljø i Volda.

Volda Symjeklubb ønskjer også å rette ei takk til Voldabadet og Volda kommune for godt samarbeid gjennom året. Tilgangen til symjehallen og gode dialog rundt leige av bassengtid er avgjerande for at klubben skal kunne gjennomføre aktivitetstilbodet sitt. Samarbeidet har vore viktig for å legge til rette for eit breitt og inkluderande symjetilbod for barn, ungdom og vaksne i Volda.

Avslutning og vidare utvikling

2025 har vore eit svært viktig år for symjeaktiviteten i Volda. Etter fleire år utan symjehall har klubben på kort tid klart å bygge opp att eit breitt aktivitetstilbod. Medlemsveksten frå 17 til 560 medlemmar i løpet av året viser både den store interessa for symjeidretten i lokalsamfunnet og det store behovet for symjeopplæring.

Gjennom året har klubben utvikla eit variert aktivitetstilbod med symjeopplæring, treningsgrupper, parasymjing, vaksentilbod, barnehagesymjing og eigne symjestemne. Samtidig har klubben arbeidd med kompetanseheving for trenarar og instruktørar for å sikre god kvalitet og trygge rammer for alle deltakarar.

Den sterke aktiviteten i klubben hadde ikkje vore mogleg utan innsatsen frå frivillige, trenarar, instruktørar og styret. Foreldre og andre frivillige har gjennom året bidrege med eit stort engasjement både i den daglege aktiviteten og i samband med arrangement og stemner.

Volda Symjeklubb går inn i 2026 med eit godt grunnlag for vidare utvikling. Klubben vil arbeide vidare med å styrke rekrutteringa til treningsgruppene, utvikle parasymjingstilbodet og vidareføre arbeidet med kompetanseheving og kvalitetsutvikling i aktivitetstilbodet.

Samtidig vil klubben arbeide vidare for å sikre gode rammevilkår for aktivitetane framover. Spørsmålet om vidareføring av barnehagesymjing og behovet for stabile støtteordningar vil vere viktige tema i tida som kjem.

Styret ser fram til å vidareutvikle Volda Symjeklubb i samarbeid med medlemmar, frivillige, sponsorar og samarbeidspartnarar, slik at klubben også i åra framover kan bidra til symjeglede, tryggleik i vatn og idrettsglede for barn, ungdom og vaksne i Volda.